



Erik Herredsvela  
Sagstadvegen 144  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 17/1968 - 17/17770

Saksbehandlar:  
Merethe Tvedt  
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:  
11.09.2017

## Godkjenning- Søknad om oppføring av tilbygg til gnr 19/51, Sagstad

**Administrativt vedtak. Saknr: 244/2017**

**Tiltakshavar:** Erik Herredsvela  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl.) § 20-1

### SAKSUTGREIING:

#### Saka gjeld:

Eirik Herredsvela har søkt om oppføring av tilbygg opplyst til 3,63 m<sup>2</sup> og 31,4 m<sup>2</sup>, til sin einebustad på gnr 19/51 på Sagstad. Tilbygg opplyst til 3,63 m<sup>2</sup> skal nyttast til kjøkken på nordaust sida av bustaden. Tilbygg opplyst til 31,4 m<sup>2</sup> er tilbygg til stove på sør-aust sida av bustaden, samt er det ei utvendig trapp 5,17 m<sup>2</sup>.

Tilbygg til stove vert bygd med ein flat takterrasse, opplyst med 49 m<sup>2</sup> terrassedekke (denne vert ikkje rekna med i BRA/BYA). Samla areal for ny bebyggelse er 40,2 m<sup>2</sup> BYA.

Det vert vist til søknad med vedlegg journalført motteke 18.8 og 21.8.2017.

Statens vegvesen har med heimel i veglova §§ 30 og 34 gitt dispensasjon frå byggegrense på 50 meter til fylkesveg 244, i skriv datert 25.8.2017.

#### Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla i perioden 29-6 – 15.8.2017. Det er ikkje komen merknader til tiltaket, og nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

## Lov- og plangrunnlag:

Oppføring av tilbygg til eksisterande bustad og fasadeendring er «*tiltak*» etter pbl § 20-1 bokstav a) og c), og er søknadspliktige tiltak som kan forestås av tiltakshaver, jf. pbl § 20-4.

Den omsøkte eigedomen er satt av til landbruk, natur- og friluftsområde (LNF-område) i arealdelen til kommuneplanen (KPA), med status som LNF spreidd bustad, jf. tabell 9.1 i føresegn 3.2.3 til KPA.

Føresegn 3.2.1 til KPA angjev tiltak som kan tillatast i samsvar med eksisterande bruk, utan at det må søkjast om dispensasjon frå arealformålet LNF. Dette gjeld blant anna tilbygg/påbygg med samla bruksareal (BRA) på inntil 100 m<sup>2</sup>.

Det er i dette tilfellet søkt om løyve til tilbygg på tilsaman 35,03 m<sup>2</sup> BYA. Dette er innanfor det føresegn 3.2.1 til KPA opnar for i samsvar med eksisterande bruk på eigedomen, og kan difor tillatast.

## Tiltaket si plassering, høgd og avstand til nabogrense:

Det følgjer av pbl § 29-4 første ledd at kommunen skal godkjenne omsøkt plassering, medrekna høgdeplassering, og byggverket si høgd.

Plassering som omsøkt kjem ikkje i strid med avstand kravet i pbl § 29-4 andre ledd. Kommunen godkjenner tiltaket som vist på situasjonskart journalført motteke 18.8.2017.

## Tiltaket si utforming og utsjånad:

Kommunen finn at det omsøkte tiltaket stettar krav til utforming, funksjon og utsjånad i pbl §§ 29-1 og 29-2, i samsvar med vedlagte teikningar.

## VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av pbl § 20-4 av pbl § 20-4 løyve til oppføring av tilbygg på 3,63 m<sup>2</sup> og 40,2 m<sup>2</sup> på gbnr 19/51 som omsøkt. Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga og vurderinga ovanfor.

Dei opplysningar om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eide dom, bygningar, bustader og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vikår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning.»

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevest. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltingsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt  
byggjesakskonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

GBNR 19/51 søknad om løyve til tiltak - bygging av tilbygg

Teikningar

Tilleggsopplysninger byggesøknad

**Mottakere:**

Erik Herredsvela

Sagstadvegen 144 5918

FREKHAUG